

**MØTEBOK****65/100 Oppstart av mindre reguleringsendring av
Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted
PlanID201206**

Utval sak	Utval	Møtedato
38/23	Utval for plan og miljø	13.07.2023

Vedlegg:

- 1 Førespurnad om løyve til å sette i gang prosess med mindre endring av Plan Id 201206 «Detaljregulering av Fitjar Mekaniske Verksted
- 2 V1 Referat frå oppstartsmøte FMV- Fitjar kommune 11.02.22.pdf
- 3 V2-1 Situasjonsplan med gjeldande kommuneplan og eksisterande bygningar og konstruksjonar.pdf
- 4 V2-2 Situasjonsplan med gjeldande reguleringsplan og eksisterande bygningar og konstruksjonar.pdf
- 5 V3-PlanID 201206 Fitjar Mekaniske Verksted Utvidingsområde 07.06.23-A2- Ø-Jørgensen as.pdf
- 6 V4- Kvifor er det viktig for FMV å få utvida området-signert 31.05.23.pdf
- 7 V6- A242115-001 Miljøteknisk sedimentundersøkelse FMV m vedlegg.pdf
- 8 V5- PlanID 201206 Fitjar Mekaniske Verksted endring 22.05.23.pdf

Bakgrunn:

Det vart halde førehandskonferanse der planendringa første gong vart presentert for kommunen 17.12.2021, og det vart halde oppstartsmøte for planendringa 11.02.2022. Etter oppstartsmøtet, har marknaden endra seg, og tiltakshavar har redusert utbyggingsprosjektet ein del sidan då.

Føremålet med denne planendringa er å utvide planområdet i retning vest, for å ha ein plan som opnar for å kunne byggje utvide areal på land til bruk som industri samt kai. Tiltakshavar ønskjer å bygge ein ny kai vest for eksisterande pir i sørleg del av planområdet. Tiltakshavar meiner at fylling i sjø og bygging av ny kai, er viktige tiltak for verftet for å kunne få eit effektivt verft som kan ta på seg store oppdrag for å produsera og reparera nye skip og store båtar. Tiltakshavar tenkjer seg at kaien skal bli bygd med pelar ned i sjø utanfor nytt utfyllingsområde.


Vurdering:

Tiltakshavar har sendt søknad om å få starte opp med denne planendringa som mindre endring. I samsvar med delegasjonsreglementet til Fitjar kommune skal Utval for plan og miljø godkjenne oppstart av mindre ending av reguleringsplan.


Saman med søknad om oppstart er det utarbeidd eit førebels plankart som viser ei utviding av landarealet.

I oppstartsmøtet konkluderte kommunen at planendringa var av slik storleik og karakter at den burde kunne gjennomførast som mindre endring. Sidan den gongen er endringa gjort enno mindre.

Planendringa slik den er lagt fram av tiltakshavar viser at plangrensa er utvida i sør med om lag 0,2 daa, og føremålsgrensa for industri og kai er flytta noko utover mot sørvest i det sølege plaområdet. Utviding av landarealet er på om lag 3,5 daa.



Gjeldende reguleringsplan



Førebels plankart som viser tenkt utviding

Kommunedirektøren ser denne planendringa som liten. Plangrensa blir marginalt utvida i sør, og utviding av landarealet er forholdsvis beskjeden. Kommunedirektøren tilrår at arbeidet med denne planendringa kan starta opp og gjennomførast som mindre endring i samsvar med plan- og bygningslova (PBL) §12-14, 2. ledd.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø tilrår at planendringa for Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted PlanID201206 kan starte opp og gjennomførast som mindre endring.

Vedtaket er fatta av utvalsleiar på sommarfullmakt etter vedtak PS 35/23, og med heimel i PBL § 12-14, 2. ledd.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 13.07.2023

Behandling:

Saka vart handsama av leiar i utval for plan og miljø, Bård Inge Sørffonn (KRF), etter fullmakt gitt i sak PS 35/23 - Sommarfullmakt 2023 - i møte i utval for plan og miljø 06.06.2023.

Vedtak:

Utval for plan og miljø tilrår at planendringa for Detaljregulering for Fitjar Mekaniske Verksted PlanID201206 kan starte opp og gjennomførast som mindre endring.

Vedtaket er fatta av utvalsleiar på sommarfullmakt etter vedtak PS 35/23, og med heimel i PBL § 12-14, 2. ledd.

Trond Salmo
Fungerande kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.